

**Fra:** Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

**Sendt:** 07.07.2023 09:14:27

**Til:** Even Askeland <Even\_askeland@hotmail.com>

**Emne:** SV: Asfalt

---

Hei

Beklager at du må venta på svar i denne saka. Området som du har søkt om å bruka til asfaltlagring er LNF-område (landbruks, natur og friluftsområde. På søknadsskjema du har sendt inn som skal behandlast av statsforvaltar, er det presistert at det ikkje kan gjevast løyve i LNF-område.

Diskusjonen er om planen din er i tråd med LNF-føremålet og difor ikkje treng dispensasjon.

Det er avklart at det må søkjast byggjeløyve for opparbeidning av plassen. Storleiken på plassen må vera tilpassa behovet for slike massar til vegen, og det vil vera tidsavgrensa til 2. år. Det er berre behovet denne vegen har, dersom ein skulle ynskja å selja til andre vil det vera ein meir omfattande søknadsprosess.

Me har sendt brev til statsforvaltar for å spørja om råd i høve til kommunal handsaming av arealbruk i slike saker. Det vil nok ta litt tid før me får svar pga ferieavvikling, men vil koma tilbake til deg med meir utfyllande svar når me har fått tilbakemelding.

Med venleg helsing

Laila Bjørge

Avdelingsleiar landbruk

Telefon: 56 171185/45375229

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



---

**Frå:** Even Askeland <Even\_askeland@hotmail.com>

**Send:** fredag 24. februar 2023 09:10

**Til:** Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

**Emne:** Asfalt

Han eg snakke med på statsforvalteren sa måtte snakke med kommunen om og omgjøre de område som skal mellombels lagre asfalt på. De område tenkte er på toppen på vest siden av skogsveier ca 3mål. Der ligger de usjenert til så ser ikke fra vei. Tenker og samle opp litt asfalt og når har nok til knuser må en leie den in og knuse den til grus. Knusing av asfalt må skje vinter halv år for og få best resultat. Før sender søknad til statsforvalteren må ha godkjenning fra kommunen om kan bruke område til de. Han var positiv til de. Tanken med de er og få billigere grus til skogsveien og om en trenger til andre skogsveier er de mulig. Kva mer trenger dere til og om regulering ca 3mål?

Mvh Even Askeland

Sendt fra [Outlook for Android](#)